



Hordland Fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga v/Marianne Haaland  
Boks 7900  
5020 BERGEN

171/120

Rapport om tiltak i grunnleggjande norsk for minoritetsspråklege 2014 - 2015

Stord vidaregåande skule søkte 30.5 2014 om tiltak til auka gjennomføring, som lyst ut i brev frå Opplæringsavdelinga datert 29.4. 2015

**Skulen fekk tildelt kr 50 000 til opplæring i grunnleggjande norsk for minoritetsspråklege elevar.**

Skulen hadde fleire elevar som gjekk i ordinære klassar, men som hadde store vanskar med å følgja ordinær og tilrettelagt undervisning på grunn av svake norskkunnskapar. Nokre hadde også svake engelskkunnskapar. Det blei sett i gong to typar tiltak:

Tiltak 1: Tett oppfølging og spesiell tilrettelegging for elevar på Vg1 idrett. Dei fekk opplæring i grunnleggjande norsk i eiga gruppe. Dei blei fritekne i framandspråk og melde seg opp i dette faget som privatistar. Dermed fekk dei ledige timar der dei fekk undervisning spesielt i norsk.

Tiltak 2: Elevar med svake grunnleggjande norskkunnskapar fanst i mange ulike klassar på heile skulen, og det blei oppretta ei gruppe som gjekk rett etter ordinær skuletid. Alle aktuelle elevar frå alle klassar fekk tilbod om dette. Det var ikkje så mange som møtte, men dei som gjorde det var svært motiverte og hadde godt utbytte av undervisninga.

I tillegg til desse to spesielle tiltaka, fekk fleire klassar på Vg1 yrkesfag tilbod om norsk i studiesenteret. Dei blei kartlagde i forkant, og det viktigaste her var å forenkla pensum og hjelpa dei med skriftleg grunnleggjande norsk.

Skulen brukte dei tildelte midlane i tillegg til midlar frå eige budsjett til desse tiltaka.

Med helsing

Stord vidaregåande skule

  
Astrid O Haugland  
Rektor

Turid Bjordal  
Elevinspektør